

bokselskap.no, Oslo 2019

Hulda Garborg: «*Rationelt fjøsstell*»

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1915 (Kristiania/Feilberg & Landmarks forlag). Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-453-1 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-454-8 (epub), 978-82-8319-455-5 (mobi)

Teksten er lastet ned fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)

---

Hulda Garborg

# «Rationelt fjøsstell»

En komedie-akt

bokselskap.no

Oslo 2019

---

Originalens bygdemaal er her til lettelse for læsningen overført til landsmaal (ved *Arne Garborg*).

Ved opførelse paa landet (f. eks. i ungdomslagene) brukes selvfølgelig vedkommende bygds egen dialekt.

---

# PERSONENE

Lars Bøan.

Anne, *hans kone.*

Inger, *deres datter.*

Utstu-Gamla.

Tore, *hendes søn.*

Jens Pedersen, *seminarist og kontorist hos lensmanden.*

Sted: En norsk østlands-fjeldbygd.

Tid: Begyndelsen av 80-aarene.

---

*Tun paa en liten fjeldgaard.*

*I bakgrunden fjeldlandskap. Tilvenstre tømmerstue med sval, hvortil et par trin av stenheller fører op. Tilhøire façaden av ildhuset med dør og et litet vindu. Ovenfor ildhuset kommer veien ind paa tunet. I forgrunden tilvenstre en stor flat sten. Nærmere bakgrunden omtrent midt paa scenen er opført et litet ildsted av sten. En stor gryte staar over ilden og koker. Inger, 22aarig, rødlet jente med kortklippet haar staar med det ene ben paa hellen bøiet over gryten og rører i den med en slev. Paa knæet ligger en bok, som hun har fordypet sig i, saa hun hvert øieblik glemmer at røre. Tilslut falder slevten ut av haanden og hun blir mer og mer betat av boken. Litt efter litt retter hun sig og gaar likesom viljeløst fremover mot forgrunden, uten et øieblik at ta blikket fra boken.*

**Inger** (*halvhøit.*)

20% av næringsværdien ... (*læser videre.*)

**Anne** (*en kraftig kone paa omkr. 60 aar, kommer ind med et par vandbøtter. Snuser litt ved gryten.*)

Gjeng du fraa gryta, gjente?

**[8] Inger** (*mot hende, ivrig. Hun taler bygdemaal, dog noget opblandet med boklige vendinger og tildels med et bokstivt ældre landsmaal.*)

Vil du høyre? 20% av næringsværdien gjeng burt i eimen; er det kje for gale!  
For vanstell og sløseri.

**Anne** (*har sat bøttene fra sig; snuser sterkere, griper saa sleven og rører av al magt.*)

Meiner tausi er reint paa stell. Svi ho kje myssmøre for meg!

**Inger**

Tjuge procent! –

**Anne** (*rører.*)

Kva er du vallar 'ti.

**Inger**

Eg seier, at dette myssmøre er ein upraktisk og øydsam mat – med det lange koke. Veit du, at 20% gjeng burt i eimen berre.

**Anne**

Prosent meg framme og prosent meg bak; – pyhsch! er det kje slik ei ram svi-  
lukt, at ein mest kan kovne.

**[9]** **Inger** (*ivrig op og ned, klasker boken mot sin flate haand.*)

Nei; folk maa lærast upp! Alt dette vanstell og all denne uvidenheit øydelegg  
oss. Folke maa ha opplysning!

**Anne** (*stræver videre.*)

Jøss for klokskap. Kva sku' me eta, naar me ikkje hadde myssmør? Det var eg  
huga te vita.

**Inger**

Kva me skulde eta? Jau det skal eg seia deg. Me skal venja oss til aa eta  
grønsager og frugt og ferskt kjøt. All denne saltmaten er og reint forderveleg.  
Dokterane seier, at spikjematen ligg som stein i magen paa folk; og det same gjer  
dette myssmøre, de held slik høgtid med. Det er mat for hestar og ikkje for folk, –  
seier vitenskapen.

**Anne** (*ler.*)

Nei jaso; seier han det du. – Ja no hev no eg eti mykje myssmør i mi tid; men aldri hev eg kjent stein i magen.

Og spikjematen og gamalosten, det hev vore furkematen det, for meg og alle gamle [10] folk eg hev kjent. Og aldri veit eg av eit menneskje som hev vore usteltt i magen i gamle dagar, endaa fersk mat saag me aldri. Og det grønne, som veks paa marki, det hev me brukt aat kui, og ikkje aat folk.

**Inger**

Ja det var det galne!

**Anne** (*avbrytende.*)

Aa kom kje til meg med slikt tull. Spikjematen tenkjer eg gjer det, eg, so lengje ein bell aa tyggje. Og gjerne kan han vera baade gamal og feit. (*til Lars, som under det sidste er kommet ut fra stuen og har sat sig paa dørstokken med en avis*). Kom og tak i gryta med meg!

(*Inger* ryster paa hodet og gaar utaalmodig op og ned. *Lars*, en middelaldrende, litt kvapset mand, reiser sig senfærdig og lægger avisen sammen. Taler langsomt og med et visst dovent eftertryk.)

**Lars** (*ler.*)

Ja te spiknare og ramare feita var, te grommare var det – aat dei gamle. – Men eg trur no lel, det er noko i det ho Inger seier ... (*kremtar*) allvisst med myssmøre daa.

[11] **Anne**

So; Skunde deg no! (*staar og venter med grytehanden mellem hænderne*).

**Lars** (*lagger bortover.*)

Eg skal ikkje seia anna en eg rett hev havt liksom litt beklemmels, naar eg hev ete nokolite av myssmøre ... allvisst naar det hev vore varmt daa. (*Tar sig under brystet.*) Just som ho Inger seier ... plent som stein i magen, ja.

**Anne**

Du skal sakte faa meg til aa tru det, slik som du legg 'ti deg av det varme

geite-myssmøre. Men eg ser no gjerne, det ber burtum fjøs-nôvi med deg, naar det lid paa, – so det gjeng visst rette vegen, myssmøre, er-det-von.

**Lars** (*fornærmet, idet han løfter forsiktig med hende.*)

Aa, – det kan full' hende nokon kvar, at ein êt væl-so mykje av furkematen. (*De sætter gryten ned; Anne rører fremdeles.*) Eg kjenner no ei, som ... vart klen i gjesteboe paa Utstu, eg; – men kanskje det var berre av kaffidriking det, kanskje. (*Spytter, snur skraaen og rusler ind med hændene paa ryggen.*)

**[12] Inger** (*som har sittet paa stenen fordypet i boken, vaagner ved ordet «kaffidriking».*)

Ja den kaffidrikingi ja! (*Op; frem og tilbake; slaar hændene sammen.*) Aa! Enn alt her er aa gjera! Enn alt her er aa reformere! (*Stanser foran moren.*) Eg kan bli so indignera, naar eg tenkjer paa, at no du mor, som er so gamal, ikkje skal ha so mykje vit, at du legg av denne fordervelege kaffien!

**Anne** (*ler.*)

Jaso; er han forderveleg, du? Hæ, hæ. Ein lærer med' ein lever; rett gjer ein det, ja. D'er minst fyre, naar ein hev so kloke baan.

**Inger**

Du skulde høyrte det foredrage han heldt, den gjæve læraren vaar paa folkehøgskulen, um «Kaffedriking paa landsbygden». Han kunde fortelja, koss dei vert utsjaaande baate utvendes og innvendes av kaffein-forgifti.

**Anne** (*sætter hændene i siden og ser hvast paa Inger.*)

Nei no vil eg regtig spyrja deg kva du meiner! Ja regtig hadde'n noko te gjera, den **[13]** karen! (*Med vegt og overbevisning.*) Eg vil be' deg sjaa paa ho Berit Kringstnoen og ho Kari Eggen og ho ... ho ... Hansamarit. Dei hev no full' drukke so mykje kaffi som dei hev belle faa 'ti seg; men eg spør deg, um du hev set rauleittare og vakrare kjeringar! Og dei er no paa fjorde tjuge alle tri. – Og – (*vender sig til gryten igjen og rører*) – for det, so – er eg no ikkje verst eg hell, til det at eg er so vidt uti aari og hev havt trettan baan.

## **Inger**

Slikt er taapelege ræsonementar. Men det kjem av uvidenheit. Det nyttar ikkje aa tala med dykk gamle um reformer – ikkje um slike smaa-reformer eingong. *(Med patos.)* Det er ungdomen som fær taka striden upp. Det er ungdomen, som baade maa gjennomføre reformerna og realisera dei store ideerna! *(Snur sig, stiger op paa stenhellen og vil gaa ind. Skoen kipper, saa der viser sig et stort hul paa strømpehælen.)*

## **Anne**

Du hev sakte lært mykje nyttigt paa den skulen, høyrer eg. Hadde du no berre lært aa stoppe hosehælane dine og, so!

**[14] Inger** *(vender sig om.)*

Eg bryr meg ikkje um spotten din. Den tid er forbi, daa kvinna levde for aa stoppa hosur. *(Ind i stuen.)*

## **Anne**

Hæ-hæ; d'er mest likt te di. *(Mørkere; smaasnakker for sig selv.)* Kva tru han vil seia til slikt, han Tore, mann hennar skal bli, tru. *(Ser sig omkring.)* Eg veit ho hev bòdsendt han; men eg var mest huga til at han ikkje kom her, fyrr verste galenskapen var avgjengen. *(Sukker.)* Det gjeng full' av ho att, fær ein tru! *(Lægger et stort træløkk over gryten.)*

**Utstu-Gamla** *(Kone paa omkr. 65, kommer ind, med bunding mellem hænderne.)*

God kveld. Signe arbeide.

## **Anne**

God kveld, Sidsel, og takk for det. Er du ute og ruslar? *(Glatte haaret ind under silkeluen og tørrer hænderne paa stakken.)*

## **Gamla**

Jamenn er eg so. *(Ser op.)* Det var so fint eit ver; – og so høyrde eg gjete at ho Inger var heimkomi av skulen.

**[15] Anne** *(med et litet suk.)*

Ho er sakte det, ja.

**Gamla**

Jamenn fekk eg no spurt det, ja. – Du veit, han Tore hev full' som ei greie paa det, han. – (*Smaaler.*) Det var full' so, dei skulde ha som ei lita greie paa ein annan dei, ja.

**Anne**

Aa ja, det kan vel hende det, kanskje.

**Gamla**

Og so var eg no huga te sjaa hit, og helse paa ho, ja.

**Anne**

Du veit daa det. Du maa no berre gaa inn no daa.

**Gamla**

Aa du skal ha takk. (*Ser paa himlen.*) Det er no sopass hugsamt ute, alt med' soli er uppe; – eg set meg radt her paa steinen so lenge; du maa kje hefte deg burt.

**[16] Anne**

Nei jamenn var eg no nett ferdig med ei myssmørgryte, so eg hev kje større aa forsøme fyrr me skal aat fjose ... Men kan du greie deg med denne «soffaen» vaar her, so – (*ler.*) Berre det ikkje bi for kjøle aat deg i dette vinddrage.

**Gamla** (*har sat sig.*)

Aa, eg er væl klædd. Og soffan gjer det nok.

**Anne** (*smutter rask indom døren efter en kobber-kaffekjel, slaar vand paa den og sætter den paa glørne.*)

Og det stend berre godt til daa, veit eg.

**Gamla**

Ja, me er med helsa; og so er de full' her og?

**Anne**

Jau, eg kan ikkje anna seia.

**Gamla**

Og no er det full' ikkje stuslegt hell aat dykk. Ho Inger hev vel mangt aa fortelja, no ho hev fare so vidt.

**Anne**

Aa, det er nok ikkje fritt for det, veit du.

**[17] Lars** (*barhodet, næsten skaldet, kommer langsomt ut; hændene i bukselommene.*)

God kvelden! – Er det grannar ute og fer?

**Gamla**

Er sakte det. Det var so fint eit ver vorte ...

**Anne** (*ser paa Lars.*)

Men jø, er du reint hugslaus vorten, gubbe; du gjeng daa luvelaus i kaldvinden.

**Lars** (*tar sig varsomt til hodet.*)

Gjer so ja; men ikkje er det hugsen, som vantar. (*Smaa-ler tilfreds.*)

**Anne**

Kva er det daa, spør eg. Det kan kje vera luv; for dei hev du daa visst vonom fleir av.

**Lars** (*seigt; med stor vegt paa ordene.*)

Nei –; det er kje det heller. Men ho Inger seier no det, ho, og det hev eg inkje-noko imot, – at ein øydelegg haare med desse tjukke hovudplaggi, me gjeng med. Det treng «ljøs» og «luft», haare, seier ho, som alt anna, skal **[18]** det trivast, seier ho. (*Gamla sænker arbeidet og hører forbauset paa ham.*)

**Anne** (*steller med kjelen.*)



Aa ja; skulde du spara paa haare nokon gong, so fekk det full' bi no!

**Lars** *(fortsetter.)*

Og desse bakkateriane, seier ho, desse smaa dyri, som êt upp haare, dei trivst og so ytleg godt i desse tjukke luvune, seier ho. *(En kold vindgufs kommer; han tar sig hurtig til hodet.)* Men jamenn dreg det rett kjøle fraa fjelle no; d'er vel snart paa dei tider, at soli vil til aa gaa ned ... Eg – trur eg vil inn og karve 'ti pipa. Hæ-hæ *(ler forlegen; ind.)*

**Gamla** *(fortapt.)*

Men jø aa jø, – og eg, som mest all min dag hev gjenge med luve, – fraa eg vart gift daa, aa seia, – og eit lite turklæ-plagg med, no i seinare aar ... *(skyver sit sorte hodeplagg ned i nakken.)* Kanskje det var kje verst aa lette paa det litt du!

**Anne**

Aa, lat berre plagge sitja, du Sidsel *(smiler)*. Me hev slik ein ytleg haarvokster baade du og [19] eg, at me treng ikkje meir, den tidi me hev att aa leva. *(Tar bundingen, som henger i en krok ved beltet og sætter sig til at strikke.)*

**Gamla**

Eg hev rett havt vakkert haar ja; men jamenn tek det til aa tynnast no; det gjer det.

*(Lars kommer ut med nytændt pipe; stanser paa trammen.)*

**Anne** *(til Lars.)*

Du fær vel snart til aa tenkje paa helgeveden, Lars?

**Lars**

Mjmm –. *(Beskuer himmelen i alle retninger. Tar sig til hodet av og til.)* Det ser ikkje mykje rart ut med vere; – meiner eg ikkje, det tek til aa draga ihop der uppi? – Var det kje det eg tykte, at det vart slikt eit kjøle drag i lufti ... Var det so væl, me greidde oss til yver helgi, so eg slapp aa koma ut i uvere; det lid paa dagen og.

**Anne** *(ser paa ham med foragt.)*

Hev du set det hev regnt av klaare himmelen, du daa. Eg ser korkje sky elder floke. Og seint plar det gjerne bli sist paa dagen. – Elles hev dagen vore lang nok den.

**[20] Lars** (*til Gamla blidt konverserende.*)

Det er mangt aa tufse med paa ein gard, ja. – Det vart daa so snøen strauk i vaar, fyrr eg fekk køyrt fram somarveden. Og no er det so slitsamt, so det er overlag.

**Anne** (*spydig.*)

Han plar gjerne stryke, snøen um vaaren ja.

**Gamla** (*fint.*)

Du veit daa det. – Me fekk no ein tidlig god vaar ...

**Anne**

Nei no mishugsar du deg, Sidsel. Beiskedø laag han ikkje mai'en ut, snøen i aar; det gjorde han. (*Sender et harmfuldt blik mot Lars, som kremter og later som han ikke hører.*)

**Gamla**

Er det mogeleg det, du. Aa ja, ein bi gamal.

(*Kort pause. Lars sätter sig paa dørstokken.*)

**Anne**

Men det er gjerne so med han Lars: um vaaren gjeng snøen for snart burt, og um hausten, **[21]** daa er det isen, som kjem for braadt paa han.

(*Lars tar avisen av lommen; sätter sig paa dørstokken og røker og læser.*)

**Inger** (*er under dette kommet ind.*)

God kveld, Sidsel Utstu. Kor stend det til med deg?

(*Anne tar kjelen av glørne og gaar ind.*)

**Gamla**

Aa goddag, og vælkomi heim. Jau, du skal ha takk! det slit med det gamle.

Hev det stae bra til med deg paa ferdi daa?

**Inger**

Jau takk. For meg hev det vori ei stor og rik tid.

**Gamla** (*ser op paa hende.*)

Ja det vil eg tru, du.

**Inger**

Ja no ser eg, for ei vankunne me hev levt i, Sidsel, – for eit uverdigt liv me hev levt.

**Gamla** (*litt usikker.*)

Aa ja, – det kan full' vera mangt, som ikkje er ... som det skal vera. (*Studser og ser igjen [22] paa Inger.*) Men kor ... kor ukjennelig du va vorti, du! Eg veit ikkje kva det er ... aa jø! (*slipper bundingen og slaar hændene sammen.*) Eg meiner du hev misst det vakre haare dit! Aa nei, aa nei, kva er det for ei ulykke som er komi aat deg, tru!

**Inger** (*smiler.*)

Det er nok inga ulykke, Sidsel; eg hev klipt det av meg.

**Gamla**

Men kors –!

**Inger**

Me kvinnor hev andre oppgaavor no en aa halda greie paa ei lang hesterompe nedetter ryggen. Slikt er berre til aa sanke dumbe og bakterier i.

**Gamla** (*forskrækket.*)

Nei rett enn alt det dei veit no for tidi, du! (*rusker sig uvilkaarlig med en strikkepind ind under huen.*)

**Inger**

Og so veit me, at det lange haare òg hev vore eit av dei mange uverdige

midlar, kvinna brukte i si lange slavetid – til aa fange menn i. Slik villskap maa me koma yver.

**[23]** **Gamla** (*blir litt urolig. Ser sig omkring.*)

Det er gjerne noko i det, du. – Ja det var sant; eg skulde helse deg fraa han Tore, son min ...

**Inger**

Du skal ha takk.

**Gamla** (*smiler.*)

D'er vel kje umogeleg anna han kjem etter. Eg tykte eg forstod noko slikt. (*Skjemtende.*) Det er no laurdags kvelden.

**Inger** (*med et dypt suk.*)

Aa ja; dei lever vel i same raaskapen uppi her, – i den veggen. Det er vel kanskje so, at han Tore og eg kan ha eit ord aa seia kvarandre; men (*høitidelig*) ved dagsens fulle ljøs skal det skje! (*Ut tilhøre.*)

(*Gamla ser forskrækket efter hende og ryster paa hodet.*)

**Anne** (*kommer ut.*)

Ja no maa du koma inn og faa deg litegrand varmt. Eg er rædd det bi væl-so kjøle no aat deg.

**[24]** **Gamla** (*reiser sig med besvær.*)

Aa, du skal ha takk. (*Slaar rusket av kjolen.*) Eg hev tala med Inger ... Kor han hev forandra seg, ungdomen paa det siste du. (*Likesom for sig selv.*) «Ved dagsens fulle ljøs –» sku' du ha høyr! – Dei er kje bljuge no for tidi.

**Anne** (*slaar ut med haanden.*)

Rø aldri um det.

(*De trænger sig forbi Lars og ind.*)

(*Saa snart døren er lukket efter dem, lister Lars sig hen til gryten og tar sig en slev myssmør; sætter sig paa stenen og spiser velbehagelig derav med tollekniven.*)

**Anne** (*kommer ut paa hellen med en vandskvet, som hun slaar ut.*)

Agte deg no, at du ikkje fær beklemmels!

(**Lars**, som ikke har merket hende, vekker og sender hende et ærgerlig blik. **Anne** gaar ind; han spiser videre, men nu med ryggen vendt helt mot stuedøren.)

**Inger** (*kommer.*)

Aa, er du der, far. Det var godt eg fann deg aaleine; eg vilde gjerne tala med deg um eit og anna.

**Lars** (*stikker skyndsomt slevlen under stolen og tørrer sig med haandbaken om munden*)

Ja, – berre her no vart fred ei rid. (*Skeler mot stuedøren.*)

[25] **Inger** (*sætter sig ved siden av ham.*)

Du er meir mottageleg for nye tankar og ideer, du far. Deg kan ein tala med. Ho mor, ho ... vil no helst ha alt i den gamle tralten.

**Lars** (*nikker fornøiet.*)

– gamle tralten ja; det er so sant som det er sagt. (*Ilter.*) Slik som far hennar gjekk og slæpte og gnudde, slik skal ein annan og gaa ...

**Inger**

D'er jamt so med dei, naar dei vert gamle.

**Lars**

Ja gamle kvinfolk, dei er so trassuge so trassuge som ... bukken. Vil ein mann ha eit grand lesnad og opplysning, so hakkar dei mest augo ut paa 'n. Daa gneg dei paa ved, og daa gneg dei paa vatn, og daa er det altslags merakels; jamvel gardsstelle vil dei blande seg uppi. (**Inger** *kremter.*) Og vert ikkje alt gjort paa dag og datto plent etter almanakka, so er det varmelaust. Kunde eg hjelpe, at snøen gjekk av i vaar, so eg ikkje fekk fram veden? Og denne baaten, du veit ho masar um jamt, – [26] var det mi skuld, at isen la seg, fyrr eg fekk han upp? Og ...

**Inger**

Dei lever for mykje i det materielle; elles var no dette noko anna ...

**Lars** (*jatter.*)

Ja visst; ja du veit det; men jamenn er det ikkje avbekleg med gamle kvinfolk; det seier eg beintfram.

**Inger**

Kvinna hev alltid vore den, som stod i vegen for framskridte. Men heretter skal det verta annleis! Og no tenkte eg, at naar me tvo slog oss saman, so maatte me daa vel bi so vidt sterke, at me kunde faa innført nokre reformer her paa garden.

**Lars** (*nikker, litt usikker.*)

Reformer, ja!

**Inger**

So i eit og anna ja. Det er berre smaating, eg no meiner; men slikt smaatt maa og til, um live skal verte fagert og ljost. Til <sup>[27]</sup>dømes – eg vil nemna: rationelt fjosstell, som ho mor lær so aat. Veit du kva det er?

**Lars** (*ikke riktig med længer.*)

Ja du veit det, rationelt fjosstell ... du veit det.

**Inger**

Fyrst maa me byggje eit stort nytt fjos, med store vindaugo, so der vert ljost og ... regtig ljost; og det fjose maa bli skurt kvar laurdag, so kvitt som –

**Lars** (*ser forbløffet paa hende.*)

Sk ... sku –

**Inger**

Me maa ha gjente, forstend du.

**Lars** (*halvt bortvendt; mumler.*)

Endaa eit kvinfolk i huse. (*Vender sig til hende igjen*) Ja, ja; du veit det. Det er berre ... du veit ... ho skal no ha løn, gjenta og, ja.

**Inger**

Slikt er smaalege hensyn, far. Dei skillingarne fær me alltid. Naar berre du driv garden med kraft ... han Tore skal lære deg [28] nokre nye metodar, som han fekk greie paa daa han var hjaa Unge-Mannen paa Bueng ...

**Lars** (*bortvendt; med et betydelig flaut uttryk i ansigtet.*)

– med kraft, ja. Ja du veit det.

**Inger**

Og nye metodar. Og so driv me rationelt fjosstell. No skal du høyre; det er so greidt aa forstaa. Vitenskapen hev funne ut det no, at det løner seg betre aa fø kyrne paa baasen heile aare og lata dei eta med' dei vil; og so slagtar ein dei, naar dei vert for feite, og berre kompletarar med nye.

**Lars** (*gaper av forbauselse,*)

Lata dei eta med' dei vil, seier du ... Ja-ha; ja-ha; du veit det; eg hev inkje noko imot det, – eg inkje ... (*klør sig i nakken.*) D'er berre um ein hev høy nok, ser du!

**Inger**

Aa, berre du bryt upp noko ny jord, so.

**Lars** (*bortvendt, mumler for sig selv.*)

Neimenn um ho vert likare en den gamle, – denne nei!

[29] **Tore** (*Gut paa omtrent 28, kommer ind, paatat rolig, noget forlegen.*)

Goddag og takk for sist.

**Lars** (*snur sig rundt paa stenen, ser paa Tore og rækker haanden frem.*)

Aa godkvelden; er det du Tore?

**Tore**

Ja det er nok det. Eg var just ei ærend nedpaa Eggen, og so ... var eg huga til aa helse paa dykk (*rækker haanden til Inger, idet han slaar øinene ned.*) Goddag – og vælkomi heimatt fraa turen!

### **Inger**

Takk, Tore. Og takk ogso for alle brevi dine (*Tore* skotter hen til *Lars* og kremter forlegen.)

**Lars** (*tar sig et par ganger braatt til hodet,*)

Nei, – no trur eg det vert ... væl-so kjøle aat meg, ja. Eg trur mest ... eg vil gaa inn att litt. (*Til Tore*) Ja du maa no sjaa innum døri, fyrr du gjeng!

### **Tore**

Du skal ha takk; eg gjer full' det. (*Lars ind.*)

### **Inger**

Det er utviklande aa byta tankar gjennom brev, naar ein ferdast kvar for seg. Og eg <sup>[30]</sup>lærde mykje av brevi dine, Tore, endaa eg saag med sorg, at du ikke rett kunde fylgje meg i alt det store og nye. Ja ofte hadde du berre ein kaat flir aat det, som fyllte meg med begeistring.

### **Tore**

Det var kje ... so meint, Inger. Men det var somt, eg tykte var (*med et tilbaketruengt smil*) ... litegrand rart. Eg forstod deg full' ikkje rett, kan eg tru.

### **Inger**

Kom, set deg, og lat oss røe saman. Me maa forstaa kvarandre fullt ut. Full forstaaelse, Tore! og full sympathi, og fyrst og fremst: fælles interesser; utan det er eit kvart forhold umoralsk.

(*De sätter sig paa stenen, Tore litt brydd.*)

### **Tore**

Ja du veit det. Men eg tykte no me «forstod» einannan bra, fyrr du strauk.

### **Inger**

Nemn ikkje den tidi, Tore! Alt maa no bi annleis, um det skal bi noko millom oss. Eg hev fengje eit nytt syn paa live, Tore. Men seg meg no, korleis du hev havt det i alle ting.



**Tore** (*som av og til glytter paa hendes haar, med voksende forundring og misfornøielse.*)

Aa du veit, det hev ofte vore litt stuslegt, som von var.

**[31] Inger** (*bøier hodet og ser tankefuldt frem for sig. Tore benytter anledningen til at se hende nedover ryggen, likesom letende.*)

Du skulde lesa meir, Tore, utvikla din aand. So vart det aldri stuslegt.

**Tore**

Vart det aldri ... stuslegt aat deg?

**Inger**

Aa –. Men fortel no um deg fyrst, Tore.

**Tore**

Ja eg ... fór no og las stundom, eg og; men du veit, det vert gjerne so mykje anna aa gjera. Elles veit du no eg hev lært eit og anna, eg og, – helst i den tidi, daa eg var paa Bueng og tente ...

**Inger**

Ja han Hallvard Bueng er ein opplyst mann.

**Tore**

Skulde tru det; han hev daa vore baade paa folkehøgskulen og jordbruksskulen. – Ja, han tala stundom og um ... somt av dette same, som du skreiv um i brevi. Alt dette nye, ja. Men han meinte no det, han, at ein fekk ta det med lempe, ta det me kunde bruka, og som høvde ...

**[32] Inger** (*rynker næsen.*)

"Lempe". Er han alt so gamal, han Hallvard Bueng. Og du, – kan du og ta slikt eit ækelt, klamt ord i din munn? «Lempe». «Lempe seg.» Hev du og vorte gamall, Tore?

**Tore** (*endnu litt trykket; men smiler.*)

Eg er akkurat eit aar eldre en ifjor dette bile.

## Inger

Du forstend meg ikkje. Ein maa vera ung! Ein maa ha mod! Ser du ikkje, kor mykje her er aa gjera, Tore?

**Tore** *(later som han ikke forstaar; synes oplagt paa at erte hende litt.)*

Jau, her er mykje aa gjera enno; men eg hev daa freista aa drive upp garden der heime so godt eg kunde; husi hev eg og fare yver litegrand; *(smiler.)* eg tykte liksom eg skulde ha dei ferdige no ved dette leite paa lag ... *(alvorlig igjen.)* eg hadde som ei von um, at du kunde vilja sjaa uppum – uppum oss. Ja, og so hev eg freista aa lesa litegrand, ja, naar eg tykte det vart for tungt og saknadsamt; men – *(varmere)* det var kje som det vilde hjelpe. Det kom berre for meg, kor gildt me hadde det ifjor, me tvo ... men det er sant: det maa eg ikkje nemne lenger.

**[33] Inger** *(ryster tankefuldt paa hodet.)*

Du forstend meg ikkje, du forstend meg ikkje ...

**Tore** *(fortsetter.)*

Og so fekk eg slikt eit rart bod fraa deg: at eg maatte koma *no* – so tidleg. Det var liksom .... ja eg veit ikkje .... det var mest som meiningi var, at me ikkje skulde ... ha noko oss imillom lenger.

*(Ser nu fast og forskende paa hende. Synes endelig at faa rede paa, hvad der er i veien med hendes haar; trækker sig ifra hende, først forbauset og uhyggelig berørt; siden synes han helst at ha lyst til at le.)*

**Inger** *(som ser ut for sig og intet merker.)*

Nei, Tore; men det me hev aa seia kvarandre, det skal seiast *(retter sig)* i dagsens fulle ljós! *(Tore blir urolig, kremter og flytter paa sig; tar en kvist op og bryter den i smaa stykker.)* Og no skulde du og eg vera fyregangsmenn i denne sak, Tore, vise eit godt eksempel og hjelpe til at drive ut raaskap og gamall used.

**Tore** *(skøieragtig.)*

Aa, eg veit no ikkje um eg duger til aa vera ... eksempel for nokon, eg.

**Inger**

No er det aandeleg latskap, som talar ut av deg, Tore! Men ungdomen hev kje lov <sup>[34]</sup> til aa vera lat i dette lande! Alt skal skapast um fraa nytt; eit nytt liv skal vekkjast, eit nytt ljøs spreidast i dei tusind hjem; det er eit arbeid, som krev vakne krefter, det, Tore.

**Tore** (*med møisomt undertrykt latter.*)

Ja ... det er full' ikkje so lett gjort det som – ha-ha – aa klippe haare av seg!

**Inger** (*streng.*)

Og det krevst aalvor, Tore!

**Tore**

Ha-ha; – ja det krevst det til aa drive ein gard upp og. Du trur kanskje, eg hev havt lette dagar med aa faa i stand engvatningi der, burt i Brekkehei-i, so ho no stend med gras som gjeng til knes ...

**Inger**

Ja det er godt. Men er det kje anna, du hev fenge augo upp for, en denne turrleiken i Brekkehei-i –

**Tore**

Jau daa. Some stader fann eg, at det var for mykje væte og. Eg fekk med meg nokre ungdomar til aa veite ut Gjilemyri; det kravde aalvor, det med, maa du tru! (*Noget saart spottende kommer frem i den skøieragtige tone.*)

<sup>[35]</sup> **Inger** (*bekymret.*)

Eg skynar væl, at du vil koma burt fraa det som eg vil tala med deg um. (*Reiser sig; med utstrakt haand; peker paa ham.*) Men du slepp ikkje fraa det, Tore! Vatne engjer og turke ut myrer er godt og væl; men høgare oppgaavur hev me ungdomar no en aa reinske upp i gamle myrar! – Fyrst og fremst hev me den oppgaava aa reinska upp i forholde millom kvinne og mann.

**Tore**

Eg tykte ikkje det var so verst millom kvinne og mann, eg, – – fyrr.

## **Inger**

Du er veik i viljen, Tore! Du vil ikkje sjaa! – I natti's mulm og mørke snikjer gutarne seg som tjuvar rundt paa gardom og kliv som kattar paa lemmar og loft – fy!

**Tore** (*snur luen mellem fingrene, noksaa forpint av latter.*)

Aa, eg veit ikkje eg ... kva skal me gjera? Um dagen ... hev ein nok anna aa tenkje paa en gaa paa friing; og ikkje kan ein koma til gjentune ... som ein gris heller; ein maa daa – ha-ha – vaske henderne um ikkje meir ...

## **[36] Inger**

Tome talemaater og undskyldningar. Nei; no skal du vita det beintfram, Tore: alt dette maa burt. Me maa vinna yver alt dette laage og sansesege; ægteskape maa verte eit aandelegt forhold; ikkje millom mann og kvinne, men millom tvo menneskje, som kan lyfte og forædle kvarandre og leve for høgre maal en (*med en grimace av motbydelighet.*) ... aa avle baan!

(*Tore kan ikke bare sig længer; spruter ut i latter; sætter saa tilbens det forreste han kan.*)

**Inger** (*staar igjen og stirrer forbauset; stamper i jorden med et uttryk av forbitrelse; men retter sig saa op. Stille bevæget:*)

Den som gaar foran i en alvorsdyst,  
han falder ei, han kjæmper kun – –

(*retter sig.*)

han kjæmper ei, han falder kun – –

(*forvirret.*)

han kjæmper – han falder – han – –

(*Begynder forfra igjen, meget forsigtig, for ikke at komme av det:*)

Den som gaar foran i – –

(*Anne og Utstu-Gamla kommer ut.*)

## **Gamla**

Kva er som stend paa her?

## **Inger**

Aa det er berre han Tore.

## **Gamla**

Var det kje det eg tykte, at eg kjende att den gode laatten hans Tore. Ja den som fær [37] han Tore i huse, han fær den han skal trøyte tidi med. Skjemt og laatt er det jamt med han. Syng og lær gjer han naar han arbeider, og det same gjer han naar han kviler paa. Og ein drusteleg arbeidskar er han.

## **Inger**

Tore manglar aandeleg utvikling. Han er ingen mann for meg.

## **Gamla** (*forfærdet.*)

Kva ... kva ... er det du seier?

## **Inger** (*høiere.*)

Eg seier, at Tore vantar aandeleg utvikling, og at min mann vert han aldri.

## **Anne** (*har staat som himmelfalden.*)

Nei no trur eg beiskedø tausi er fraa vite. Vil du kje ha han Tore, seier du?  
(*indædt.*) Kanskje du gjeng og ventar paa ein prest?

Eg var huga te dengje deg, so lang som du er. Kom kje her og legg deg ut med vyrdande folk; det *raar* eg deg til!

## **Gamla** (*skjælvende av sinne.*)

Ja kva han vantar, han Tore, – kva han vantar og ikkje vantar, – so skal eg fortelja [38] deg, at han vantar korkje gard eller noko anna som høyrer ein giftande gut til ... (*ler koldt*) og ikkje vantar han dei som vil ha han hell, maa du tru. Hø, hø!

(*Gaar.*)

## **Inger**

Dei tider er forbi, daa ein lokka ei gjente med gard og grunn. Gard hev elles eg sjølv.

## **Anne** (*rasende.*)

Nei béiskedø, no svor eg! – so lenge eg krek paa tvo ... so skal her ikkje bi

nassjonalt fjosstell her paa garden; no veit du det!

**Lars** (*i døren med begge h nder om hodet; jamrer og st nner.*)

Aa, ai ... Aa j , j . Kor er luva mi? – ai, ai.

**Anne**

Kva er tids? Hev no du og misst vite?

**Lars**

Ai, ai ... aa, det er hovue; eg fekk slik ... forbrennande verk i hovue; eg kan ikkje tru anna en det flyg av meg – ai, ai, ai; kor hev du gjort av luva mi, Inger?

**[39] Anne** (*springer ind.*)

Aa du er eit narr so gamall du er. (*Kommer med luven og tr kker den noksaa haardh ndt ned over  rene hans.*) Eg skal seia deg noko anna en bakketerier, eg, som trivst i ei tjukk luve, og det er ein gamall skolt! H -h ; ja no kjem gikti og bryt deg; og det kan ho gjerne gjera; d'er berre til pass! (**Lars ind, kroket og elendig. Anne efter, men snur sig og sier til Inger:**) So! Tak bytta no, og gakk aat fjose og mj lka og gjer eitkvart til gagns! Men gl ym deg no ikkje burt med spenarne millom fingrarne; skikkelegt stell vil eg ha, og ikkje noko «nassjonalt»! (*lukker døren. Inger vrir paa sig og s tter op en martyrmine; blir staaende.*)

**Inger**

Den som gaar foran i en alvorsdyst, – han – –

**Jens Pedersen** (*ung, noget blek fyr, bykl dd; l gger an paa en viss handelsbetjentflotheit; men hans bev gelser er stive og hans sprog seminaristisk bokkorrekt. Tar hatten av.*)

Godaften, fr ken.

**Inger** (*vender sig forskr kket.*)

Aa, kor eg kvakk. Godaften! (*oplivet.*) Aa, er det – –

**Jens Pedersen**

Jeg beder om undskyldning, jeg skr mte Dem vist. (*stivt buk.*) Mit navn er Jens Pedersen –

**[40] Inger** (*blid og forlegen.*)

Ja, eg kjenner daa deg – – Dykk; eg hev so ofte tenkt eg skulde skriva og takka Dykk for alle dei storartede digti, De skriv i «Nutidsposten» ... (*blir meget rød.*)

**Jens Pedersen** (*slaar ut med haanden.*)

Intet at tale om, frøken – bare øvelser, *endnu*. De forstaar; saa længe man skal være nødtvungen til at sidde paa et trangt og mørkt lensmandskontor mellem bare skattelister og protokoller ... der kan ikke trives *aand* der. Men vent –! – Nu, jeg er ikke kommen for at tale om mine egne anliggender. Jeg erfarede, at frøkenen var hjemkommen fra folkehøiskolen, og saa fik jeg en stærk trang til ... De ved, her er jo ingen mennesker her i bygden, som man kan tale med om høiere emner, og saa tænkte jeg ... det vil sige ... for at tale ligefrem: jeg længter efter et menneske med en smule aandelig udvikling.

**Inger** (*saare blid, rækker ham haanden.*)

Aa nei, kor ... hyggeligt dette var. Aa, De veit kje, kor ... kor eg forstend det. Ikkje <sup>[41]</sup> eg heller har nogen, eg kan tale med, – ikkje ein, som forstaar meg!

**Jens Pedersen**

Saa er vi lidelsesfæller. Jeg kan nok sige jeg har ... rent ud vansmægtet, den tid jeg har været her; og mit arbeide for at vække et aandeligt liv i bygden er der ingen som skjønner.

**Inger**

Vil De ikkje ... ta plads her litegrand. Eg vil kje be Dykk gaa inn; – her er trangt og indestængt her, i stuerne som i sjælene.

(*De sætter sig paa stenen.*)

**Jens Pedersen**

Ja; der mangler ... *syn*.

**Inger**

Ahh! (*Springer op igjen; ivrig; ogsaa hun knoter nu mer og mer.*) Her er en

formørkelse, en uvidenheit, som kan gjera eit menneskje galen! Eg kom heim igaar, men har alt lengta meg *syg* ... etter aa faa snakke med eit oplyst menneskje. Og ungdomen! Aa, bare raahed og ... vankundigheit ... (*retter sig op; i foredragstone.*) Kva skal ein gjera for ungdomen i dette land!

**[42] Jens Pedersen** (*hoderystende. Ser paa Inger med forlibte øine.*)

Det er forfærdeligt. Men ... naar vi faar kvinden med os i det store arbeide for oplysning og moral, da vil det blive anderledes. Jeg *tror* paa kvinden!

**Inger** (*sætter sig. Med en bekymret mine, men smigret.*)

Hm – ja ... enno maa jeg skjæmmes av mitt eige kjøen. Som en dødvægt har vi ligget paa all utvikling. (*Ryster skyldbepisst paa hodet.*) Føde børn og lage mat og bøte strømper – det var det heile; og vort høieste maal var (*stopper sig litt, skotter til ham fra siden*) – aa faa ein mann. (*Smiler ufrivillig, men straks igjen alvorfuldt.*) Kunde ein ikkje skjemmast, so ein kraup i jordi. *Her* er det, me maa begynde!

**Jens Pedersen** (*bekymret.*)

Visselig, visselig. Det er her, vi maa begynde. – Om det end maa indrømmes, at – (*kremter*) ja jeg mener under visse omstændigheder ... at man ikke helt tør fraraade (*vender sig pludselig helt mot hende og ser varmt paa hende.*) Kort sagt: der gives omstændigheder; jeg mener: under betingelse af hel og fuld forstaaelse og hel sjælelig sympathi <sup>[43]</sup> og – fuldt fællesskab i syn og interesser, og den høieste gjensidige agtelse – (*trækker pusten dypt*), ... da kan det jo ikke egentlig betragtes som ... da tør man maaske ikke ganske fraraade kvinden at ... føde lidt børn. (*Hurtig*) Men derimod strømperne! Nei; det faar vi gjøre selv.

**Inger** (*vekt; vendt imot ham.*)

Aa, for ein aandsvederkvægelse aa høyre et dannet menneskje tala igjen. (*Gir ham pludselig haanden*) Eg takkar Dykk for De kom! Eg treng so saart til ein, som kan sympathisere med meg og hjelpe meg med eit godt og forløsende ord i den ... kampen eg no fær aa staa i.

**Jens Pedersen**

De er en herlig kvinde; saa stolt og saa sand. Og jeg føler, hvor De kan forstaa



en mand som –; eller kan De ikke tænke Dem, hvorledes ogsaa jeg maa længes efter sympathi, forstaaelse, efter en ven, en kvinde med intelligens og aand, som kan dele mine interesser og støtte mit arbeide for ... fremskridt og udvikling. Aa, Inger –!

[44] **Inger** (*slaar øinene ned.*)

Ja, kunde eg faa vera Dykk til hjelp i dette arbeide! Eg brenn etter aa reformere disse elendige hjem.

**Jens Pedersen** (*griper hendes haand.*)

Aa ja, lad os begynde i dag. I denne stund. Eksemplet, ser De, er det første bud i opdragelsens katekismus. Vi maa selv give eksemplet paa den store forstaaelse, den dybe aandelige sympathi, som herefter skal være det tilgrundliggende i forholdet mellem mand og kvinde. Lad os indgaa ... ja hvad skal jeg kalde det? (*Inger drar sig litt tilbake.*) Vi vil ikke bruke udtryk som forlovelse – eller ægteskab, – aa, dette brutale, frastødende ord (*skyder fra sig med begge hænder*); rent ud modbydeligt og umoralsk virker det paa mig.

**Inger**

Enn paa meg daa; fy!

**Jens Pedersen**

Ja, ja! Fy! netop fy! – det er ordet. Nei. Men skal vi kunne arbeide sammen med den rette kraft, saa lad os – (*høitidelig*) etablere et aandeligt forbund.

[45] **Inger** (*begeistret.*)

Aa ja! Aandelegt forbund! Det er det, eg so lenge hev drøymt um! Inkje noko av alt dette – fy ...

**Jens Pedersen**

Nei, et høit og sædeligt aandeligt forbund, til gjensidig støtte i det fælles arbeide, og for at give det gode eksempel.

**Inger**

Ja! Ja! – Aa nei for ei lykke, at eg endelig traf ein upplyst mann, som kunde forstaa meg. Ein fin mann, som i ... forbundet med kvinden berre søkjer aandelig utvikling for henne og seg sjølv. Ja, sæl er denne dagen; og takk for De kom!

**Jens Pedersen**

Og dette vort forbund –; det vil være hensigtsmæssigt, min kjære Inger – jeg faar vel nu kalde dig saa –, at vi besegler dette vort forbund med et høitideligt broder- og søsterkys ... *(nærmer sig.)*

**Inger** *(viker noget tilbake. Saa med ett i stor beslutning.)*

Ja! Eit broderkyss! I dagsens fulle ljøs! <sup>[46]</sup> Aandeleg kjærleik! *(Bøier sig ind til ham. Han drar hende ind til sig og kysser hende eftertrykkelig.)*

**Anne** *(kommer i det samme ut i døren.)*

Skal tru ho vert ferdug nokon gong?

*(faar øie paa dem; sætter hænderne i siden og roper:)*

Jøsses for eit syn. Er det slik du driv ... nassjonalt fjosstell! *(De springer op.)*

**Inger** *(strammer sig op.)*

Lat ikkje folk forstaa, kor simpelt du tenkjer. Eg skal forklara deg ...

**Anne**

Nei takk; det trengst daa visst ikkje, no daa. So det er slikt du hev brukt pengar til aa lære i den gromme skulen din. Jau denne vinteren hev du rett nytta godt.

**Inger**

Eg skal kje svara deg som du fortente. Eg vil berre seia deg, at eg er eit vakse og fritt menneskje og gjer som eg vil.

**Anne**

Ja, gjer som du vil, so gjer eg like eins.

<sup>[47]</sup> **Inger**

Ja, eg gjer som eg vil, og no vil eg, at denne mannen og eg ... *(Pedersen tar*

*hatten av og bukker dypt) me vil inngaa ... eit aandelegt forbund.*

### **Anne**

Aa bry deg aldri med aa valle tull for meg. Eg hev for fin ein tev, eg (*ser sint paa **Jens Pedersen** fra siden*), – so fin ein tev, at det nyttar korkje stive hattar eller bukking og skraping. Og no seier eg deg det, at du kan vera so aandeleg du vil; men her paa garden hev me kje bruk for slikt noko. Garden hev eg fenge i arv, og han er min og skal so vera, so lenge eg kan røre ein fot. Og det tor bi vonom lenger, det; (*indædt til **Jens Pedersen***) for friskare en eg er no hev eg aldri vore. (*Til Inger*) Og ikkje fær du narre upp meg som du hev gjort med far din, – som no ligg der inne og gjev seg som eit reivebaan for geitestykki dine!

### **Inger**

Nei! – dette kan eg ikkje tola. Burt fraa dette hus. (*Med patos.*) Eg hev fyrst og fremst pligter mot meg sjølv! (*slaar ut med haanden.*) Behald garden din! (*Tar et skridt mot **Jens Pedersen** og rækker haanden frem.*) Jens Pedersen! Eg gjeng med deg.

**[48] Jens Pedersen** (*forskrækket; skyver fra sig med begge hænder.*)

Nei, nei ... i et aandeligt forbund sømmer det sig, at man blir (*hatten av*) – hver for sig.

(*Trækker sig baklængs og bukkende ut i kulissen tilhøire.*) (*Inger staar maalløs og gapende igjen og ser efter ham.*)

**Anne** (*slaar sig paa laaret og ler hjertelig. Tar bøtten og stikker i næven paa Inger, som mekanisk klemmer fingrene om den.*)

Sjaa no til, um han kjem att! – Eg kjenner karen, eg.

(*Peker.*) Der ligg fjose!

(*Inger gaar stiv i den anviste retning og forsvinder bak kulissen.*)

**Anne** (*staar efter og ler for sig selv.*)

Sku mest tru, det gjev seg no!

---

Hulda Garborgs «*Rationelt fjøsstell*» er lastet ned gratis fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)